



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/3911-16

26. november 2020

### **Ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund bru**

Vi viser til brev av 20. desember 2017 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Statens vegvesen, med søknad om at prosjektet fv 606 Ytre Steinsund bru kjem inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesveg. Samferdselsdepartementet stadfesta i brev av 13. september 2018 at prosjektet blir godkjent, under føresetnad av at fylkestinget gjer eksplisitt vedtak om finansieringsplan i samsvar med saksframlegg for fylkestinget i desember 2017. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har no fastsett det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden.

Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget har lagt til grunn at endelege søknader som kjem inn i 2017 blir handsama ut ifrå inntektssystemet for 2017. Årleg beløp med ferjeavløysingsmidlar og utbetalingsperiode for Ytre Steinsund er i tråd med kommunal- og forvaltningskomiteens merknad handsama ut ifrå inntektssystemet og gjeldande retningslinjer i 2017.

Ytre Steinsund vil utløyse 21 446 000 kroner (2020-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar, over ein utbetalingsperiode på 22 år. Ferjeavløysingsmidlane vil bli prisjustert med kommunal deflator fram til utbetalingane startar, og vidare med 2,5 prosent i heile utbetalingsperioden.

### **Berekning av årlege ferjeavløysingsmidlar**

Retningslinene for ferjeavløysingsordninga er fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Retningslinjer som gjaldt for berekning av ferjeavløysingsmidlar til Ytre Steinsund bru er publiserte som vedlegg til Prop. 128 S (2016–2017) *Kommuneproposisjonen 2018*.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar  
Sissel Ferstad  
22 24 67 06

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir berekna ut frå reduksjon i inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av eit vegprosjekt. Tapet blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 i retningslinene). Berekna beløp blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel og eit lengre vegnett fører til auke i kompensasjonen gjennom vegnøkkelen i inntektssystemet (jf. punkt 5.2).

Berekning av årleg beløp i ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund (i 2017-kroner) er vist i vedlegg.

### **Berekning av utbetalingsperiode**

Ifølgje retningslinene som galdt i 2017 kan fylkeskommunen få ferjeavløysingsmidlar i inntil 40 år, men i sum skal det ikkje bli gjeve meir i kompensasjon enn byggjekostnaden til vegprosjektet som avløyser ferjesambandet (punkt 5.4). Renteutgifter til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ferjeavløysingsordninga (punkt. 5.4.1).

Meirverdiavgiftskompensasjonen blir trekt frå byggjekostnadane ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget, slik at det ikkje blir gjeve dobbel kompensasjon for dei same utgiftene (punkt 5.4.2).

Til berekning av utbetalingsperioden har departementet lagt Statens vegvesens kostnadsoverslag på 688 mill. kroner i 2017-kroner / 702 mill. kroner i 2018-kroner til grunn. Omrekna til 2020-kroner (med kommunal deflator) blir det 744 mill. kroner. Det gjev ein meirverdiavgiftsrefusjon på 141 mill. kroner (19 pst. meirverdiavgift som lagt til grunn i finansieringsplanen) og 603 mill. kroner i fylkeskommunalt lån.

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar på 21,446 mill. kroner i 2020-kroner blir prisjustert med 2,5 prosent kvart år i heile utbetalingsperioden. Med anslått beløp som skal dekkjast av ferjeavløysingsmidlar på 603 mill. kroner i 2020-kroner, gjev det ein utbetalingsperiode på 22 år.

### **Utbetaling av ferjeavløysingsmidlar**

Ferjeavløysingsmidlane vil bli utbetalt over rammetilskotet frå og med budsjettåret etter at ferjesambandet er avløyst (jf. punkt 6.1 i retningslinene).

Fylkeskommunen må stadfeste forventa dato for ferdigstilling av ferjeavløysingsprosjektet innan 1. mars året før ferjeavløysingsmidlane skal utbetalast. Stadfestinga skal sendast per brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Viss fylkeskommunen ikkje melder frå innan denne fristen, kan det innebære at ferjeavløysingsmidlar ikkje blir utbetalt det første året (jf. punkt 6.3).

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
fung. avdelingsdirektør

Sissel Ferstad  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet